



Magnus Eikefet
Fyllingsnesvegen 189
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6160 - 14/19757

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
02.09.2014

Svar på førespurnad om fornying av løyve - gbnr 214/10 Fyllingsnes

Lindås kommune viser til din førespurnad om fornying av byggeløyve datert 17.07.2000 som gjeld tilbygg til bustad, motteke her 19.08.2014.

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-9 at løyvet fell vekk dersom tiltaket ikkje er sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn 2 år. Desse reglane gjeld tilsvarande for dispensasjon. Fristane er absolutte og kan ikkje forlengast. Dei same reglane gjaldt etter plan- og bygningslova frå 1985 § 96.

Tiltaket som det er gjeve løyve til i vedtak datert 17.07.2000 fell dermed vekk.

Du må sende inn ny søknad om tiltaket etter pbl §§ 20-1, 20-2 m.fl. Søknadsskjema finn du på nettsida til Direktoratet for byggkvalitet, www.dibk.no. Dersom du treng rettleiing i samband med ny søknad, er byggesaksvakta i Lindås kommune tilgjengeleg tysdag og torsdag frå kl. 9-15.

Prisar for handsaming av byggesøknad finn du på www.lindas.kommune.no, under sjølvbetening og prisar.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

